



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Verdiskapingsplan Sogn og Fjordane 2014–2025

INDUSTRISTRATEGI

Vedteken i fylkestinget 13.oktober 2015

Innhold

| | |
|---|----|
| 1. Bakgrunn | 3 |
| 2. Utgangspunktet..... | 4 |
| 3. Organisering av arbeidet..... | 5 |
| 4. Analyse – status og utviklingstrekk | 5 |
| 4.1 Status og utviklingstrekk | 6 |
| 4.2 SWOT..... | 8 |
| 5. Hovudmål | 9 |
| 6. Strategiar for å nå målet | 9 |
| 6.1 Strategi 1: Etablere temabaserte møteplassar som støttar opp om kunnskaps- og informasjonsdeling for auka innovasjon og verdiskaping | 10 |
| 6.2 Strategi 2: Styrke koplinga og relevans mellom industrien og utdanningssystema | 11 |
| 6.3 Strategi 3: Akkvisisjonsstrategi | 13 |
| 7. Politiske problemstillingar..... | 13 |
| 7.1 Nasjonale politiske problemstillingar/rammevilkår som Sogn og Fjordane må jobba for å fremma..... | 13 |
| 7.2 Regionale politiske problemstillingar/rammevilkår som Sogn og Fjordane må jobba for å fremma..... | 14 |

1. Bakgrunn

Fylkestinget har sett folketalsutviklinga som hovudutfordringa til Sogn og Fjordane. I verdiskapingsplanen 2014–2025 er målet om folketalsutvikling ført vidare til ein ambisjon om arbeidsplassvekst. Målet er ein netto årleg arbeidsplassvekst på 100. Dette føreset 500 nye arbeidsplassar kvart år.


Fylket må tilby attraktive arbeidsplassar. Vi konkurrerer om kvar folk skal busetje seg, og vi konkurrerer om kvar dei utfordrande arbeidsplassane vert etablerte.

Hovudstrategien i eksisterande verdiskapingsplan er derfor:

- Nyskaping basert på dei naturgjevne fortrinna vi har.
- Å vere attraktiv for folk som vil skape arbeidsplassar.
- Å legge til rette for kompetanseutvikling, basert på både tradisjonar, handlag, yrkesfag og på akademisk kunnskap.

Målsettinga om arbeidsplassvekst skal vi nå gjennom:

- Nyskaping: Det offentlege skal utvikle evna si som god hjelpar.
- Kunnskap: Ei bransjenøytral satsing som også inkluderer offentleg produksjon.
- Bransjesatsingane: Utviklingsarbeid knytt til naturgjevne føremoner.



Partnarskapen (Næringsforum) som tek ansvar for å fylgje opp verdiskapingsplanen er:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune (leiing)
- Fylkesmann i Sogn og Fjordane
- NHO Sogn og Fjordane
- LO Sogn og Fjordane
- KS Sogn og Fjordane
- Høgskulen i Sogn og Fjordane
- NAV Sogn og Fjordane
- Innovasjon Norge Sogn og Fjordane

Petroleumsrådet handterer olje- og gass-satsinga

Viktige budskap i verdiskapingsplanen:

- Vriding i verkemiddelbruken for å skape fleire arbeidsplassar knytt til dei ekspansive tenesteytande og kreative næringane. Vi vil ha arbeidsplassar som er attraktive for godt utdanna ungdom.
- Ei slik vriding av arbeidsplassveksten må skapast gjennom ringverknader frå dei sterke primær- og sekundærnæringane våre, gjennom underleveransar og nyskaping. Lokalt eigarskap er vesentleg for å sikre slike ringverknader.
- Bedriftsleiingar, offentleg forvaltning og forskings- og utdanningsmiljø må bli meir synlege for kvarandre

Samfunnsansvar er ein premis for alle satsingar. Dette betyr at vi ikkje prioriterer aktivitet basert på sosial dumping eller uforsvarleg bruk av naturressursar.

Dei nye arbeidsplassane vil i aukande grad vere internasjonalt orienterte. Ungdommen vår må få ei utdanning som sikrar internasjonal kompetanse. Ikkje minst unge jenter skal oppleve Sogn og Fjordane som attraktivt. Arbeidsinnvandrarar må møte eit Sogn og Fjordane som veit å syne godt vertskap.

2. Utgangspunktet

Fylkestinget vedtok i juni 2014 (sak 8/14) å utvikle ein eigen industristrategi for Sogn og Fjordane, som ein del av verdiskapingsplanen.

Kvifor

Den landbaserte industrien er viktig for verdiskapinga i Sogn og Fjordane, ikkje berre i industribedriftene, men også for verdiskapinga i dei bedriftene som levere varer og tenester til industrien. Blant desse finn vi òg tenesteytande kunnskapsbedrifter.

For kven

Industristrategien er strategien partnerskapen har for tilrettelegging for verdiskaping i industriverksemder og hjå leverandørane til industriverksemdene i Sogn og Fjordane. Sjølve verdiskapinga skjer i og av bedriftene.

Industristrategien sitt bidrag til måloppnåing

Sogn og Fjordane er eit stort eksportfylke tufta på naturgjevne ressursar og ein landfast industri. Vi har eit stort innslag av næringar som rasjonaliserer (kjelde MENON og SSB). For mange av desse verksemdene er reduksjon i arbeidsstokken eit teikn på suksess. Sjølv om tal sysselsette i industrien har gått ned, har verdiskapinga gått opp. Vi ser at det er sterke koplingar mellom industrien og andre næringar. Industrien set ut støtteaktivitetar til tenesteytande bedrifter som til dømes IT, økonomi/rekneskap og vedlikehald. Det er òg sterke koplingar mellom industri og landbruk og fiskeri/havbruk. Det ser vi tydeleg ved at næringsmiddelindustrien sysselset flest innanfor industri i Sogn og Fjordane.

Den tradisjonelle industrien er avhengig av å rasjonalisere og erstatte arbeidskraft med teknologi for å vere konkurransedyktig. Industristrategien sitt bidrag til måloppnåinga må derfor ligge i nyskaping og knoppskyting som gjev attraktive arbeidsplassar. Industriproduksjon basert på høgt kunnskapsnivå og leverandørutvikling med same føremål, er derfor vegen å gå.

Både dei bransjeretta og bransjenøytrale satsingane i den eksisterande verdiskapingsplanen har innhald som vil få verknad for industribedrifter i fylket. Kunnskap og nyskaping er tema som gjeld på tvers av bransjar, og som vil vere viktige for den vidare utviklinga til industrien i fylket. Satsingsområda fornybar energi, sjømatnæringar, landbruk og olje og gass inkluderer utviklingsarbeid retta mot industrien.

Ulike strategiar for vekst:

Vekst i sysselsetting kan kome gjennom ulike strategiar som må takast omsyn til i ein industristrategi og som krev ulik tilrettelegging.

- **Nyskaping**
 - o Nyetableringar, knoppskyting, gründerar
 - o Næringsapparatet, kopling mot fagmiljø, etablere møteplassar
- **Organisk vekst**
 - o Vekst i eksisterande bedrifter,
 - o Leverandørutvikling (teknologi, marknad, kompetanse, organisasjon, osv.), kopling mot fagmiljø, etablere møteplassar mellom bedrifter
- **Akkvisisjon**
 - o Større etableringar gjennom å hente inn eksterne bedrifter, etableringar/ekspansjonar
 - o Nettverk/relasjonsarbeid, synleggjere moglegheiter/fortrinn, utvikle næringsmiljø/klynger

3. Organisering av arbeidet

Planarbeidet har vore gjennomført over ein avgrensa periode. Det har ikkje vore ramme for å gjere større analysearbeid knytt til utvikling og verdiskaping i industrien. Sysselsettingsutvikling og samtalar med industrileiarar i fylket på tvers av bransjar og regionar har vore det sentrale. Arbeidsgruppa har òg drøfta arbeidet med næringsforum, hovudutvalet for plan og næring og ei referansegruppe med industrileiarar.

Oppdragsansvarleg på vegne av Næringsforum har vore Jan Heggheim, Sogn og Fjordane fylkeskommune. Prosjektleder har vore Harald Husabø, revisjons- og rådgjevingsverksemda BDO.


4. Analyse – status og utviklingstrekk

Som eit grunnlag for strategiarbeidet har vi gjennomført ein analyse av status i industrien, utviklingstrekk, og kva moglegheiter vi ser framover. Dette er gjennomført gjennom analyse av statistikk og samtale med over 30 representantar for industrien, næringsorganisasjonar, finans og utdanningsinstitusjonar i fylket.

4.1 Status og utviklingstrekk


Sogn og Fjordane hadde 7220 sysselsette med arbeidsplass i industrien ved utgangen av 2013 (kjelde SSB). Det er ca. 13 prosent av den totale sysselsettinga i fylket. Industri er den nest største sektoren knytt til sysselsetting, etter definisjonane til SSB.

Utviklinga i sysselsette i industrien i perioden 2000–2013 viser ein nedgang frå 9605 til 7220, ca. 23 prosent. Dette heng saman med ei stor strukturendring i næringsmiddelindustrien fram til 2006, og stor nedgang innanfor bransjen transportmiddel, der endringar innan skipsverft, nedlegging av Fundo og redusert aktivitet knytt til bussproduksjon har hatt stor innverknad. Andre delar av industrien har hatt mindre nedgang i perioden gjennom automatisering og effektivisering.




Kjelde: SSB, sysselsette i perioden 2000–2013

Sysselsette i industrien pr. kommune viser spreiding på tvers av fylket med nokon store industrikommunar.



Kjelde: SSB, sysselsette industri pr. kommune 2013

Oversikta over sysselsetting etter type industri viser stor spreing på ulike sektorar.



Kjelde: SSB, totalt 7.220 sysselsette etter arbeidsstad

Næringsmiddel– Dette er ein sektor som er sterkt kopla mot landbruk og fiske. Nedgang på 32 prosent% sidan år 2000. Dei største bedriftene innanfor næringsmiddel er knytte opp mot kjøt/slakteri og fisk. Vi finn vidare sysselsetting innan meieri, bakevarer, drikkevarar, fôr og konserves. Næringa ventar stabil utvikling framover, men det kan vere utfordringar knytt til sysselsetting innan slaking av pelagisk fisk. Industrien er sterkt knytt til utviklinga i landbruket og fisk/havbruk.

Metall – Aluminium som den store delen av denne sektoren. Nedgang på ca. 11 prosent sidan år 2000. Sterkt kopla mot tilgang på fornybar energi i fylket og har fått fornya merksemd gjennom energioverskot i Norden, noko som gir gunstig energiprisutvikling. Utfordringar framover knytt opp mot nett-tariffar og klimapolitikk.

Maskin – Leverandørindustri mot olje/offshore og prosessindustrien. Auke på ca. 300 prosent sidan år 2000. Delar av verftsindustrien er gått inn i denne gruppa, vekst gjennom tenester og produkt mot olje/offshore. Sterk vekst sidan 2007.

Trevare – Produsentar av byggevarer hovudsakleg mot den nasjonale marknaden. Auke på 10 prosent sidan år 2000. Næringa er påverka av trendar i bustadmarknaden og nådde toppen i 2007. Leveranse av bygningsartiklar, vindauge, takstolar, osv. Ventar gradvis struktur endring med større aktørar framover, fleire aktørar i fylket er godt posisjonerte for vekst.

Transportmiddel – Det er hovudsakleg skipsverft igjen i denne sektoren i Sogn og Fjordane. Nedgang på 75 prosent sidan år 2000. Nedgang innan skipsverft, nedlegging av Fundo og bussproduksjon forklarar tala i perioden.

Dei andre sektorane har hatt ulik utvikling i perioden og ligg rundt 50–400 sysselsette ved utgangen av 2013. Dette er sektorar som kan ha utviklingspotensial framover.

Det er i gang ei spennande utvikling langs kysten, der ein har fleire stader med opparbeidd industriareal knytt til hamn. Det blir jobba aktivt med å få nye etableringar og byggje næringsklynger. Dette gjeld dei etablerte miljøa i Florø og Måløy, men òg nye område i Sløvåg, Skipavika, Kalvåg og Lutelandet. Dette er område der ein ventar vekst og auka aktivitet i åra framover, spesielt retta mot olje/offshore og marin sektor. Det blir her jobba med akkvisisjon for å få etableringar og skape næringsklynger som kan dra nytte av kvarandre, felles kompetanse og ressursar.

4.2 SWOT

Arbeidsgruppa har gjennom samtalar med industrileiarar og ulike interesseorganisasjonar oppsummert faktorar vi meiner er vesentlege styrkar og svakheiter for industrien i fylket. Vi har òg sett på truslar og moglegheiter (SWOT). SWOT-analysen er òg diskutert i arbeidsgruppa og i referansegruppene undervegs i prosessen.

| | |
|--|---|
| <p>Styrkar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Nærleik til naturressursar (energi, sjø, mineralar, landbruk) - Leverandørnettverk - Maritim foreining - Hamn + industriareal - Landbasert industri har fornya status - Industriekultur - lojal og kompetent arbeidskraft, kompetanse kluster - Lokalt eigarskap - sikrar lokal utvikling - Kompetent bankvesen - tett på, risiko villig | <p>Svakheiter:</p> <ul style="list-style-type: none"> - VGS, Fagskule, Høgskule, FoU dårleg kopla (treng fleksibilitet/tilpassa tilbod) - Rekruttering (attraktivitet lokalsamfunn) - Liten variasjon i arbeidsmarknadane lokalt (attraktivitet) - Vegar - bu og arbeidsområde - Lokalt eigarskap svekka/generasjonsskifte - Industriell kapital manglar (ikkje finansiell aleine) - Spreidd geografi - små miljø/få næringsklynger - For lite deling av kunnskap/samarbeid - Få nettverk på tvers av regionane/få horisontale nettverk - Manglande tid til strategiarbeid (styre/leiing) - Svake på marknadsarbeid/kompetanse (viktige unntak) |
| <p>Moglegheiter:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Innovasjon - på tvers av bransjar (møteplassar) - Nytt energioverskot lokalt til verdiskaping - kraftforedling - Kartlegging av ressursar, inkl. havbotn (mineralar, anna) - Handtering av avfall frå olje/offshore (opphogging, reinsing, osv) - Ilandføring gass - Gulen - Satsing på bioøkonomi - skog/algar/tare - Velferdsteknologi - Produksjonsoptimalisering - auka bruk av ny teknologi, digitalisering, Lean - Kort veg mellom aktørar (næring-offentleg) - Omdømme - attraktive for rekruttering | <p>Truslar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Energi politikken (lobby) - klimapolitikk CO2 (lobby) - Sentralisering av tenester/rammevilkår i endring - Utvikling olje/gass - Utvikling i landbruket - rammevilkår/tollvern - Rekruttering fagarbeidarar/teknisk - omdømme |

Industrien i Sogn og Fjordane har ein marknad enten nasjonalt og internasjonalt som medfører store moglegheiter, og som kan ha truslar for dei ulike bransjane knytt til sal og marknadsarbeid. Dette er ikkje vurdert for kvar bransje/sector i denne SWOT-analysen.

Samferdsle og IKT

Analysen peikar på samferdsle / velfungerande bu- og arbeidsområde som særst viktig. Desse utfordringane er adresserte i verdiskapingsplanen og i regional transportplan. Også det viktige temaet digital infrastruktur er handsama i verdiskapingsplanen. Industristrategien handsamar derfor ikkje desse tema.

5. Hovudmål

Industristrategien skal medverke til å nå målet i verdiskapingsplanen om 500 nye arbeidsplassar kvart år framover mot 2025¹.

Industriaktørane som har medverka i planprosessen, peikar på fire hovudområde der partnerskapen kan legge til rette for industriutvikling som supplement til aktivitet som alt er formulert i verdiskapingsplanen².

- Lag møteplassar der grunnlaget for konkrete innovasjonar kan leggest.
- Utvikl ein akkvisisjonsstrategi som supplement til arbeidet med nyskaping og organisk vekst.
- Samspelet med utdannings- og forskingsinstitusjonar må utviklast; særleg innan teknologi og fagutdanning.
- Industrien må bli sikra gode rammevilkår for vidare utvikling.

Industrileiarar har særleg streka under ønsket om bransjeuavhengige møteplassar der nye og kanskje uventa koplingar kan oppstå. Ein slik strategi vil utfylle dei etablerte langsiktige bransjesatsingane i verdiskapingsplanen. Samarbeidet om næringsutvikling vil legge større vekt på å gripe moglegheiter ingen ser i dag.

Strategiane som følgjer vil bli vurderte ut frå kva effekt dei har på målet om arbeidsplassutvikling.

6. Strategiar for å nå målet

Strategi 1: Etablere temabaserte møteplassar som støttar opp om kunnskaps- og informasjonsdeling

Delstrategi 1.1 Etablere bransjeuavhengige temabaserte møteplassar for auka innovasjon og verdiskaping

Delstrategi 1.2 Investorforum. Etablere møteplassar for kapitaleigarar

Strategi 2: Styrke koplinga og relevansen mellom industrien og utdanningssystema

Delstrategi 2.1 Etablere «teknologicampus Sogn og Fjordane»

Delstrategi 2.2 Satse på yrkesfag for å støtte opp under rekrutteringsbehovet i industrien og sikre attraktive lokalmiljø

Strategi 3: Akkvisisjonsstrategi³

Delstrategi 3.1 Etablere strategi for rekruttering av nye verksemder der fylket har fortrinn og det er naturleg at Sogn og Fjordane er eller kan bli sterkt

Strategiar og delstrategiar vil i det følgjande bli skildra nærare.

¹ <http://verdskapingsplanen.no/4-mal/>

² SWOT-analysen syner mange utfordringar som er adresserte i vedteken verdiskapingsplan. Sjå:

<http://verdskapingsplanen.no/>

³ Akkvisisjon = rekruttering av nye verksemder

6.1 Strategi 1: Etablere temabaserte møteplassar som støttar opp om kunnskaps- og informasjonsdeling for auka innovasjon og verdiskaping

Delstrategi 1.1 Etablere bransjeuavhengige temabaserte møteplassar for auka innovasjon og verdiskaping

SWOT-analysen gir uttrykk for at Sogn og Fjordane er svak på deling av kunnskap, og at det er få sterke nettverk i fylket. Det er òg få nettverk på tvers av ulike bransjar. Industrien gir signal om at dei ynskjer møteplassar som er bransjeuavhengige, der dei kan sjå moglegheiter på tvers kopla opp mot behov som eksisterer i ulike marknader/bransjar. Industrien ønskjer møteplassar organiserte som mindre, temabaserte dialogmøte, der ein kan dele kunnskap og informasjon som kan skape nye forretningsmoglegheiter for bedrifter. Det er viktig å evne å spisse tema slik at det ikkje blir preg av uforpliktande «konferansar».

Målet er at desse møteplassane skal fungere som innovative verkstader, og at vi lagar koplingar som gir kommersielle utviklingsprosjekt i ulike deltakande bedrifter.

Sogn og Fjordane har mange små næringsmiljø, og det er kort veg mellom aktørane. Det er eit fortrinn vi må utnytte ved å dele meir kunnskap og informasjon på tvers av bedrifter og miljø. Vi må etablere ein struktur og eit rammeverk for slike møteplassar som tek opp viktige tema, og der fylket kan ta sterke posisjonar.

Aktuelle tema:

- Kunnskapsdeling knytt til eigne erfaringar som er til nytte for andre bedrifter, dette kan vere:
 - o Marknadsarbeid/merkevarebygging, internasjonalisering, leiging, generasjonsskifte, Lean, digitalisering, automatisering, osv.)
- Moglegheiter som løyser samfunnsbehov, dette kan vere:
 - o Velferdsteknologi, samspel mellom helsesektoren og næringsliv
- Grønt skifte – omstilling i bedriftene til å møte framtidens krav og moglegheiter, dette kan vere:
 - o Klimateknologi
 - o Energieffektivisering
 - o Fornybar energi
 - o Ressursoptimalisering
 - o Resirkulering/gjenvinning
 - o Bioøkonomi (organisk materiale frå landbruk og marin sektor brukt på nye område)
- Auka bruk av energiressursar lokalt – «kortreist energi», som gjer bruk av dagens energioverskot på 7 TWh (ref. bransjesatsing fornybar energi i verdiskapingsplan). Dette kan vere:
 - o Kraftforedlende industri
 - o «Datasenter-region»
 - o Auka produksjon av hydrogen som krev store energimengder
 - o Ilandføring av gass til Gulen – industriell bruk
- Kartlegging av mineralar og moglege bruksområde/teknologiutvikling som grunnlag for framtidig industri.

Ansvar: Strategien føreset eit aktivt eigarskap frå industrileiarar. Som del av høyringa, ønskjer fylkeskommunen tilbakemelding frå industrien om korleis desse arenaene for innovasjon og nyskaping bør utformast

Delstrategien bør vere del av tema nyskaping i verdiskapingsplanen.

Delstrategi 1.2 Investorforum

Sogn og Fjordane har få sterke kapitaleigarar og få kapitalmiljø knytt til investeringskapital, som i dag investerer på eigarsida i lokale bedrifter. Dette er ei svakheit, og gjer at fleire bedrifter ikkje tek ut det fulle potensialet dei har for vekst. Det kan vere krevjande i enkelte eigarskifte-/generasjonsskifte-prosessar. Det er i mange tilfelle viktig at vi har lokalt eigarskap for å sikre lokal utvikling, men dette er avhengig av bransje og utviklinga i bransjen. Det kan i enkelte situasjonar vere avgrensande for framtidig vekst og utvikling, og vi treng anna kapital som kan løfte industrien i fylket internasjonalt.

Industribedrifter ynskjer ikkje rein finanskapital, men ynskjer kompetanse knytt til kapitalen som kan vere med å løfte bedrifta inn i nye marknader og skape vekst. Basert på dette er det eit mål å samle kapitaleigarar i fylket som ynskjer å investere i lokale bedrifter. Samtidig vil vi tiltrekke oss kapitalinstitusjonar både i fylket og utanfrå som har kompetanse i aktuelle bransjar.

Ein slik møteplass kan gjere det meir attraktivt for kapitaleigarar å delta i investeringar ved å dele risiko, samtidig som dei kan dele kunnskap og erfaringar. Det vil òg kunne bygge relasjonar til nye kapitalmiljø, som blir merksame på Sogn og Fjordane og moglegheitene her.

Ein slik møteplass kan vere viktig for bedriftseigarar for å få presentere case og tiltrekke seg investorar. Det kan òg vereverre ein arena for å få tilbakemeldingar på eigne strategiar og satsingar.

Desse møteplassane kan støtte opp under vekst, sikre gode eigarskifte/generasjonsskifte og behalde lokalt eigarskap, samt at det vil støtte opp under ein akkvisisjonsstrategi for fylket.

Ansvar: Strategien føreset eit aktivt eigarskap frå bankar , investeringsfond, Innovasjon Norge og gjerne også private kapitaleigarar. Som del av høyringa, ønskjer fylkeskommunen tilbakemelding frå desse om korleis eit investorforum kan utformast.

Delstrategien bør vere del av tema nyskaping i verdiskapingsplanen.

6.2 Strategi 2: Styrke koplinga og relevansen mellom industrien og utdanningssystema

Delstrategi 2.1 Etablere «teknologicampus Sogn og Fjordane»

Sogn og Fjordane har ikkje på ein god måte evna å kople saman utdanningsinstitusjonane og næringslivet. Det finst viktige unntak frå dette knytt til koplinga mellom fleire yrkesfag på vidaregåande skule og næringslivet, samt deler av høgskulen/fagskulen. Det viktige framover er at utdanningsmiljøa og FoU-miljøa blir endå meir relevante for næringslivet.

Bakgrunn:

- Høgskulen vurderer tettare alliansar mot andre universitet og høgskular som fylgje av strukturdiskusjonen for sektoren.
- Fagskulen er i gang med utviklingsprosjekt knytt til korleis dei kan bli meir relevante for næringslivet.
- Dei vidaregåande skulane jobbar kontinuerleg for å støtte opp under behovet næringslivet har for lærlingar og kompetanse (ref. KUR-rapport haust 2014 frå Sandal/Strømgren om framtidige behov)
- Industriaktørar har kome med initiativ for å skape miljø der næringsliv og fagmiljø kan møtast. Til dømes har Hellenes teke initiativ til prototypelaboratorium og samlokalisering på verftsområdet i Førde.

Det er eit mål at vi skal få til ei betre samhandling mellom utdanningsinstitusjonane, fagmiljøa og næringslivet. Dette kan vere ein nøkkel for å utvikle næringslivet og stimulere til auka verdiskaping. Det er ynskjeleg å utvikle eit innovativt miljø samansett både av utdannings- og forskingsinstitusjonar og industrielle aktørar. Det kan vi gjere ved å etablere ein møteplass, som set teknologiutvikling og innovasjon i sentrum, og der dei ulike miljøa kan samlokaliseras. Dette må vere ein møteplass som er relevant for ulike næringsaktørar å søke mot for å utvikle teknologi og søke kunnskap.

Tiltak: Gjennomføre utviklingsprosjekt for å greie ut potensialet for ei slik etablering. Første steg er eit forstudium.

Ansvar: Lagt til satsinga kunnskap i verdiskapingsplanen (næringsavdelinga i fylkeskommunen)

Delstrategi 2.2 Styrke yrkesfag for å støtte opp under rekrutteringsbehovet i industrien og sikre attraktive lokalmiljø.

Kartlegginga i den fylkesdekkande rapporten «Kompetansebygging, utvikling og rekruttering» (KUR, Sandal/Strømgren) syner eit stort rekrutteringsbehov i næringslivet i fylket framover. Dette er knytt til yrkesfaga. Vi ser rekrutteringsbehovet òg i statistikkar for alderssamansetjinga i industrien og andre bransjar, som viser at dei store etterkrigskulla snart går ut i pensjon. Framtidig behov for ungdom frå yrkesfag og viktigheita av satsing på yrkesfag blir gjenteke frå industriaktørane gjennom arbeidet med industristrategien.

Industrien er oppteken av å sikre relevans i utdanninga knytt til dei behova som eksisterer i næringslivet lokalt. Industrien er redd at samfunnet i for stor grad tek omsyn til ynska til dei unge heller enn kva behov det lokale næringslivet har for kompetanse. Det er viktig at den vidaregåande opplæringa er relevant og er med på å støtte opp under utviklinga i det lokale næringslivet. Gjennom eit tett samspel kan vi støtte opp under behova til næringslivets, samarbeidet mellom skule og næringsliv og god tilgang på læreplassar. Det er viktig at fagopplæringa er tett på næringslivet og lyttar til framtidige behov. Tilsvarande er det naudsynt at industrien er aktive i sin kontakt med fagopplæringa. For å sikre rekruttering av fagarbeidarar er det viktig at ungdom opplever at bedriftene tilbyr fagutdanna gode høve for utvikling.

Nærleik til dei vidaregåande skulane er viktig for bedriftene som skal rekruttere kompetansearbeidskraft tilbake til lokalmiljø. Det handlar om attraktiviteten til lokalsamfunna.

Ansvar: Lagt til fylkeskommunen ved opplæringsutvalet / fagopplæringsnemnda

6.3 Strategi 3: Akkvisisjonsstrategi

Delstrategi 3.1 Etablere akkvisisjonsstrategi der fylket har fortrinn og det er naturleg at Sogn og Fjordane er eller kan bli sterke

Sogn og Fjordane manglar ein aktiv strategi for å få tilflytting av nye verksemder utanfrå (akkvisisjon). Eit slikt engasjement må løftast fram for å supplere arbeidet med nyskaping og organisk vekst. Strategien er aktuell no sidan det er ein trend at fleire bedrifter vel å «flagge heim» produksjon for å ha større stabilitet, betre kontroll og at automatiseringsgraden tillèt dette.

Ein strategi for akkvisisjon bør ta opp i seg element der fylket har fortrinn og det er naturleg at Sogn og Fjordane er eller kan bli sterke. Han bør vere med å bygge opp under og styrke eksisterande næringsmiljø/klynger. Dette kan vere:

- Fornybar energi, bruk av energioverskot
 - o «Datasenter-regionen»
 - o Kraftforedlende industri
- Marin sektor
- Bioøkonomi (organisk materiale frå landbruk og marin sektor bruk på nye område)

Ein slik strategi kan òg koplust opp mot arbeidet med utflytting av statlege arbeidsplassar til fylket.

Fylket kan ved målretta strategisk arbeid marknadsføre fortrinna i fylket og dei ulike næringsmiljøa. Fortrinna kan vere stabil og fornybar energitilgang, reint vatn, kompetent og lojal arbeidskraft, lågt avgiftsnivå, politisk stabilitet, god infrastruktur, osv. Det må etablerast ulike team på fylkesnivå knytt opp mot dei ulike satsingane som blir sette saman av ressursar som har kompetanse og relasjonar.

Ansvar for etablering av akkvisisjonsstrategi og team: Næringsforum

7. Politiske problemstillingar

Politiske problemstillingar er viktige for å sikre framtida og konkurransekrafta til industrien i Sogn og Fjordane. Det er mange politiske problemstillingar som påverkar industrien i fylket. Derfor er problemstillingane som er tekne opp her, ei prioritering basert på innspel frå industrien sjølv, og som vi vurderer som særleg aktuelle og viktige for Sogn og Fjordane.

7.1 Nasjonale politiske problemstillingar/rammevilkår som Sogn og Fjordane må jobbe for å fremme

Ein aktiv nasjonal industripolitikk trengst

Velferd vert sikra ved at vi evnar å oppretthalde ein konkurransedyktig industrisektor. Skal vi bli konkurransedyktige på forskning og på tenesteproduksjon, må vi ha eit solid fundament i realøkonomien. Flaggar vi ut store deler av industrien, misser vi viktige «laboratorium» for avansert kunnskapsutvikling og tenesteproduksjon.

Energi-, klima- og industripolitikk må samordnast i større grad enn i dag

- **Internasjonale klimamål må rette seg inn mot 2°C-målet** – unngå nasjonale delmål som kan vere mot-produktive. Unngå at industri og investeringar blir flytta ut der det gir større negative miljøeffektar for at ein skal nå nasjonale mål.

Støtte opp under næringsmiddelindustrien i Sogn og Fjordane:

- Det må sikrast **rammevilkår for småskala vestlandslandbruk** som gjer at vi kan oppretthalde og få vekst i produksjonen av landbruksprodukt til industrien (eiga landbruksatsing i fylket klar i 2016).
- Det er viktige politiske problemstillingar for **sjømatnæringane** i verdiskapingsplanen. Desse vil ha stor påverknad på deler av næringsmiddelindustrien

7.2 Regionale politiske problemstillingar/rammevilkår som Sogn og Fjordane må jobbe for å fremme

Eksisterande nasjonalnett i regionen må ikkje flyttast over til regionalnett slik at kostnadane vert flytta over på industrien og forbrukarane i Sogn og Fjordane

- Sogn og Fjordane kan ikkje sitte med store ulemper på nettkostnadar som følgje av at overskotskraft skal transporterast ut av fylket.

Lokalisering av ny industri nær potensielle fornybare kraftkjelder gjer utbygging av slike kraftkjelder meir attraktive

Planprosessane i det offentlege må effektiviserast og slankast for ikkje å undergrave vekst og vidare utvikling. Få til gode prosessar for å avklare interesser.

Sogn og Fjordane må alliere seg med fylke og regionar i Noreg som har samanfallande interesser, for å oppnå større styrke og betre gjennomslag for sine interesser.